



Arild Ystanes
Arnebråtveien 114
0771 OSLO

Vår dato:
24.11.2022

Vår ref:
2022/8147

Dykkar dato: Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Øistein Aasland, 5557 2322

Løyve til fasadeendring av fritidsbustad og graving av dreneringsgrøft på gnr. 15, bnr. 25 Viveli, Eidfjord kommune - Hardangervidda nasjonalpark

Statsforvaltaren i Vestland gjev Arild Ystanes løyve til fasadeendring på hytta og til graving av dreneringsgrøft på gnr. 15, bnr. 25 – Viveli i Eidfjord kommune, etter verneforskrifta for Hardangervidda nasjonalpark.

Det er sett vilkår til løyve

Vi viser til søknad frå Arild Ystanes datert 6 juni 2022, og til oversendingsbrev frå Eidfjord komme, datert 9. juni 2022. Vi seier oss svært lei for at vi ikkje har fått handsama saka før no.

Bakgrunn for saka

Arild Ystanes søker om fasadeendring og om å få drenert vekk vatn på hytta si på gnr. 15, bnr. 25 Viveli i Eidfjord kommune. Eksisterande hytte ligg i hyttefeltet i Viveli, men og innom grensa for Hardangervidda nasjonalpark.

Søknaden gjeld fasadeendring på to vegger ved å setja inn eit ekstra vindauge på sør-vest veggen, og endre storleik på eit vindauge på nord-aust veggen. I tillegg søker Ystanes om å grave ei dreneringsgrøft i framkant av hytta for å drenere vekk vatn som samlar seg under hytta. Ystanes peikar på at vatnet under hytta er årsaka til at pelane hytta står på vert skubba skeive av frosten. Dreneringsgrøfta vert omlag 10 meter lang.

Saka har vore til høyring m.a. til Tilsynsutvalet i Vestland – for Hardangervidda nasjonalpark. Dei fatta vedtak i saka den 25. august og kom med fylgjande uttale i sak TUV – 035/22:

«Tilsynsutvalet i Vestland (TUV) rår til at Arild Ystanes får grave ei grøft i framkant av hytta for å drenere vekk vatn under hytta. Grøfta må dekkast til av den same torva som vert fjerna under graving. Vidare rår TUV til at han får endre fasaden på hytta som omsøkt ved å setje inn eitt ekstra vindauge på sør-vest veggen og endre storleik på vindauge på nord-aust veggen.

Det er viktig at tiltakshavar/søkjar planlegg byggjepериодen og transporten slik at verknaden av arbeidet og transporten vert så liten og kortvarig som mogeleg.»



Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren ser ikkje nokon store negative verknader på verneverdiane om hytta til Arild Ystanes får endra fasade, slik det vert skildra i søknaden. Vi ser heller ikkje at det er noko i vegen for at han får drenert ut vatn som vert ståande under hytta ved å grave ei dreneringsgrøft som vert dekt til i etterkant. Hytta ligg i hyttefeltet ved Viveli, men og innanfor vernegrensa for nasjonalparken. Byggesøknader knytt til dette hyttefeltet skal handsamast etter verneforskrifta av Statsforvaltaren, men skal følje retningslinene knytt til utforming og storleik for fritidsbustader i LNF-område fastsett i kommuneplan for Eidfjord kommune.

Vi har vurdert saka etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Statsforvaltaren meiner vi har eit godt kunnskapsgrunnlag i saka ut i frå søknaden og uttalen frå Tilsynsutvalet i Vestland. Det å sette inn nytt og endre på vindauge og drener vekk vatn frå under hytta vil etter vår meining ikkje få nokon innverknad på verneverdiane i området. Dei landskapsmessige verknadane er fråverande.

§ 9 føre-var-prinsippet: Slik vi ser det vil det ikkje vere fare for at den omsøkte fasadeendringa og dreneringa vil ha ukjende, negative konsekvensar for verneverdiane.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Vi kan ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil auke den samla belastninga for området i noka særleg grad.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Vi ser ikkje at det er relevant å vurdere dette, då det ikkje er fare for miljøforringing ved gjennomføring av tiltaket.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Byggjeavfall må handterast på ein forsvarleg måte. Dreneringsgrøfta må dekkjast til att av torva som vert fjerna under graving. Utover dette har vi ingen merknader til dette punktet.

Motorferdsle i samband med transport av byggemateriale må avklarast med Tilsynsutvalet i Vestland – for Hardangervidda nasjonalpark.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev Arild Ystanes løyve til fasadeendring på hytta og til graving av dreneringsgrøft på gnr. 15, bnr. 25 – Viveli i Eidfjord kommune som omsøk.

Vedtaket er heimla i § 4, punkt 4.1.3.a i verneforskrifta for Hardangervidda nasjonalpark.

Det vert sett fylgjande vilkår til løyve:

- Fasadeendringa skal fylgje det som vert skildra i søknaden, datert den 6. juli 2022.
- Det kan gravast dreneringsgrøft for å få drenert ut vatn som samlar seg under hytta. Grøftene må dekkjast med den torva som vart spadd opp, etter at dei er ferdig.
- Pålane underhytta kan rettast opp og forsterkast i samband med dette arbeidet.
- Avfall frå byggearbeid må leverast til godkjent mottak. Reint trevirke kan kappast opp og brukast som ved.
- Fasadeendringa/bygggearbeid skal vere avslutta og plassen rydda innan 1. oktober 2023.

Klage

Denne avgjerdha kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, som vil vurdere klagen og sende den til Miljødirektoratet dersom vi ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket.



Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Øistein Aasland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Eid fjord kommune
Tilsynsutvalet i Vestland - for Hardangervidda nasjonalpark
Vestland fylkeskommune
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
SNO Hardangervidda